



Jan Albert Sudmann
Hjelten 41
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/17463 - 20/70776

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
06.11.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 1/303 Flatøy

Tiltak: oppføring av bryggje
Byggjestad: Gbnr: 1/303
Tiltakshavar: Jan Albert Sudmann
Ansvarleg søkjar: Jan Albert Sudmann

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.10.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå planføremål i sjø- KL-fiske avsett i kommunedelplan for Meland. Søknad må nabovarslast og sendast inn med grunngjeving.
2. Det er ikkje vist avstand til naboeigedommen frå bryggje.
3. Søknaden er ikkje signert.
4. Det ligg ikkje føre gjennomføringsplan, erklæring for ansvarsrettar for tiltaket. Det kan ikkje nyttast søknad utan ansvarsrett for ubygd eigedom jf.PBL §20-4. Evt. kan det søkjast om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar.
5. Det er omsøkt som ett-trinns søknad men det er ikkje lagt ved uttale/vedtak frå Bergen hamn. Alle tiltak i sjøen skal godkjennast av Bergen hamn før kommunen kan gi byggeløyve.
6. Materialbruk på bryggja er ikkje klarert i søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **06.12.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Albert Sudmann

Hjelten 41

5918 FREKHAUG